

Statsbudsjettet 2017 Kap 1429 Post 70 - Bevaringsprogram for
bergkunst (BERG)

Rapportering 2017
Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune fekk tilsegn om BERG-midlar frå Riksantikvaren til eit prosjekt for skjøtsel/tilrettelegging av bergkunstlokalitetar i 2017. Utover dette søkte ikkje Hordaland fylkeskommune om ytarlege BERG-midlar frå Riksantikvaren for 2017, ettersom overførte midlar frå tidlegare år framleis gir grunnlag for det vi rekk over av skjøtsels- og tilretteleggingsarbeid med bergkunstlokalitetane.

Følgjande prosjekt har fått løyve om stønad i 2017:

Skjøtsel, bygging av nytt anlegg for tilkomst og skilting av skålgrøpsteinen Tveitane (Opedal VII) id. 105726.

Tveitane (Opedal VII)

Situasjon:

Tilrettelegginga er gamal og slitt, og tilkomstrampa var roten. Området kring steinen var sterkt attgrodd, og hindra utsikt til steinen, og frå steinen og nedover dalen. Bergflata var tilgrodd med lav og mose.



Utført arbeid:

Tre og busker kring gropsteinen har blitt rydda bort, og bergflata har blitt reinska for vegetasjon og vaska med spritløysing. Trerampa har blitt fjerna, og erstatta med grusdekke. Ny steintrapp gir ein vedlikehaldsfri tilkomst, og nytt skilt er tilgjengeleg frå parkeringsplassen ved lokaliteteten. Det er etablert samarbeid med ein barnehage i bygda om ettersyn og lågterskel vedlikehald.

Tiltaket er loggført i «Askeladden».



Rekneskap

Tiltak	HFK	UiB	BERG	SUM
Tekst	5000,-			5000,-
Illustrasjonar og layout			16.000,-	16.000,-
Trykk og skiltstativ		1300,-	15.000,-	16.300,-
Administrasjon	13.300,-			
Synfaring	4900,-			
Skjøtsel og overvaking	15.400,-			
Reise	2948,-			
Fjerning rampe, grusing, oppsetjing skilt, etablering steintrapp			29.000,-	29.000,-
Rapportering	4200,-			
Oppfølgingssynfaring	5600,-*			
Reise oppfølging	3000,-*			
SUM	54.348,-	1300,-	60.000,-	115.648,-

* Oppfølgingssynfaring ikke gjennomført på rapporteringstidspunkt. Føremålet er kontroll av tilstand, samt oppfølging av lokal forankring og avtale om overvaking.

Pågåande arbeidet på bergkunstlokalitetane med tilskot frå Riksantikvaren

Mostraumen

Mykje av tida sett av til arbeid med bergkust i 2017 har gått med til å følge opp utviklinga av formidlings-appen for Mostraumen. Frå vår side har dette bestått av å produsere det faglege informasjonsinnhaldet. Prototypen til appen var klar tidlegare i år, men noko av det innsamla grunnmaterialet på lokalitteten viste seg ikkje å vere godt nok til 3D-framstillinga, og måtte skaffast til veie på nytt. Siste bit med ferdigstillinga skjer no fram mot vinteren, der Modalen kommune også vil bli meir involvert i implementeringa av den digitale formidlinga på staden.

IT-selskapet Netpower AS, saman med sin underleverandør Double Think AS, står for den tekniske utviklinga. Som kjent er målet for piloten å stadfeste om denne type formidling kan la seg gjere reint teknisk, og om kvalitet, brukaromsyn og kostnadene gjer det realistisk å gå vidare med prosjektet. Ut over utviklingskostnadane på 300.000, vil framtidig drift av server for applikasjonen kunne koste kring 1000 kr pr. mnd. Blir prosjektet ein suksess som ein vil gjere nytte av i formidlinga av andre lokalitetar, vil nok kostnadane med å lage appen bli mindre enn den initielle utviklinga av teknologien, men ein kan ikkje sjå bort ifrå at dei jamlege serverkostnadane kan vere ein bøyg for dei som eventuelt skal ta vidare ansvar for drifta.

Utbetalingar så langt i prosjektet er:

	Totalkostnad	Utbetalingnøkkel	Utbetalt	Attståande utbetaling
	300 000	Oppstart 30% Ferdig prototype 50% Ferdig implementert 20%	90 000 150 000 -	60 000

Bruteigsteinen

Situasjon:

etter dei siste åra med skjøtsel, har bergflata blitt svært bra. Fjerning av mose, bruk av grønskefjernar og vasking med sprit har hatt god effekt. Det er viktig å oppretthalde jamleg skjøtsel av bergflata for at ho ikkje igjen skal bli dekkja av lav og algevekst. Eit aspekt som i nær framtid vil kunne krevje ekstra skjøtselsinnsats, er at grastorva i sørvestre del av lokaliteten veks inn over bergflata. Dette fører til auka tilfang av lav og algar.


Utført arbeid:

Vi har ikkje fått prioritert inneverande år oppreinsking av omtalte grasvekst i sørvestre del av lokaliteten.

Vangdal

Situasjon:

Lokalitetane kontinuerlig vegetasjonspleie på felt I, og på sikt noko meir omfattande oppreinsking der grastorva har vakse opp over nokre av figurane i øvre del av lokaliteten. Både på felt I og II er det viktig at fjerning av algar og vask av bergflata held fram. Det er også jamleg problem med hærverk. Vi vil forsøke å få på plass meir involvering av Kvam kommune i vidare skjøtsel av vegetasjon, tilkomstveg og rampe.



Utført arbeid:

Samarbeid med kommunen har ikkje lykkast. Vegvesenet har fatta interesse i å fremje lokaliteten i samband med sitt prosjekt med nasjonale turistvegar, og vi ser fram til at kommunen då kjem meir med i bildet. Vegetasjonen framfor felt I har blitt grundig rydda vekk, men det står att å reinse opp i grastorva som stadvis veks til oppetter berget. Tilkomstvegen til felt II er rydda, og bergflata har blitt kosta/reinsa for vegetasjon og vaska. Varselskilt er sett opp med von om at det kan hindre vidare hærverk.



Håhaugsteinen

Situasjon:

Lokaliteten preg av den skjemmande oppmalinga av figurane, noko som i høve Universitetsmuseet i Bergen viser seg vanskeleg å få fjerna. Ut over dette er det mest presserende arbeidet med Håhaugsteinen å få gjennomført skiltinga av lokaliteten, og rutinar for å hindre attgroing kring steinen.

Utført arbeid:

Samarbeid med grunneigar er etablert, og ein er i gang med å få på plass ei god parkeringsløysing ved skogsvegen bortanfor lokaliteten. Det er også starta samarbeid med ein skule om «adopsjon» av kulturminnet og deltaking i lågterskel vegetasjonsskjøtsel. SNO blir også engasjert no i vinter med større ryddearbeid med fjerning av tre i nærleiken. Varselskilt er sett opp. Ullensvang herad er også informert og er positive til tiltaka men betre formidling og tilkomst.


Helgaberget

Situasjon:

Berget har blitt svært bra etter ein god vask med sprit. Vi har også ein god dialog med grunnegaren, som tidlegare har fått egna kostar til fjerning av laust gras, mose og lauv. Her står det også att arbeid med å få på plass ei god skiltløysing.

Utført arbeid:

Skiltløysinga vil bli sett i samanheng med oppgradering av formidling ved Stødle kyrkje og den nærliggjande, nyrestaurerte Olahaugen. Gamalt «varselskilt» har blitt erstatta av eit nyprodusert, verbestandig skilt. Denne type skilt blir no plassert ut ved bergkunstlokalitetane.



Pågåande arbeidet på andre prioriterte bergkunstlokaliteter

Bakke

Situasjon:

Helleristningselta har vore prega av mose og algevekst, og skiltet ber preg av slitasje. På felt I er ein i gang med reisking av vegetasjon, og rutinar for sesongvis vinter tildekking i samarbeid med bygdelaget er på plass. På sikt er det også trond for utarbeiding av betre drenering av vassig nede ved vestre hjørne av helleristningsberget.



Utført arbeid:

Etter reisking av vegetasjon og vasking med spritløysing før tildekking av felt I sist haust, viste avdekkinga i april i år at tilstanden på bergflata er vesentleg betre. Bergflata blei på ny reinsa og vaska med spritløysing. Ein har no også begynt med reising og vasking av felt III som har vakse til med mykje mose etter det siste store skjøtselsarbeidet i 2002. Dette arbeidet vil bli teke opp att ved komande vinters tildekking av felt I. Saman med Universitetsmuseet er vi no i gang med revidering av tekst til formidlingsskiltet, og tek sikte på å få erstatta det gamle skiltet. Varselskilt er sett opp.



Duesteinen

Situasjon:

Berget er framleis svært tilgrodd, og vi må her halde fram med grundig fjerning av algevekst. Tilkomstrampa er også farleg sleip og glatt av ei tjukt lag med algar som må skrubbast bort. Når det gjeld kringliggjande vegetasjon, så blir den halde godt nede av grunneigaren sin forpaktar.

Utført arbeid:

Bergflata har blitt vaska med spritløsing, og den sleipe tilkomstrampa er forsøkt skrubba. Resultat etter dette arbeider er ikkje stadfesta.

Vindenes, Mattisbrekka

Situasjon:

Berget er dekka av mose og lav slik at dei fleste skålgropene er usynlege. Store tre kring berget fører til at berget blir dekka med barnåler og lauv, og dannar skyggefulle omgjevnader som fører til sterk algevekst.



Utført arbeid:

Bergflata har blitt reinska for vegetasjon og vaska med spritløsing. Vi har etablert kontakt med grunneigar som vil stå for fjerning av tre ved lokaliteten. Varselskilt er sett opp. Formidling av lokaliteten inngår i eit lokalt kulturstiprosjekt.



Vindenes, Varmeholo

Situasjon:

Berget blir jamleg dekka av barnåler frå furuskogen kring lokaliteten.

Utført arbeid:

Bergflata er kosta, og varselskilt er sett opp ved lokaliteten. Formidling av lokaliteten inngår i eit lokalt kulturstiprosjekt.

Konklusjon

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at disponeringa av overførte tilskotsmidlar frå Riksantikvaren gir økonomisk handlingsrom for vårt arbeid med skjøtsel og tilrettelegging av bergkunstlokalitetane i Hordaland. Større utbetalingar frå desse midlane ut 2017 og neste år vil i hovudsak vere knytt til implementering av formidlings-appen på lokaliteten i Mostraumen, og skilt og tilrettelegging av Håhaugsteinen. Vi tek også sikte på å nytte noko av midlane på oppgradering av skiltet på Bakke i Herand, og håper at det blir ei rå med betre formidling av Stødle med Helgaberget. Elles er vi nøgd med gjennomføringa av prosjektet med tilrettelegginga av Tveitane, og vi ynskjer med dette å få overført tilskotet på 60.000 kr knytt til det no ferdigstilte prosjektet. Sluttrapport for Tveitane oversendast og Excel-skjema ligg vedlagt.